UNIVERSITETET I BERGEN
*Det juridiske fakultet*

**Utvalg:** Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
**Sak:** 7/24
**Møtedato:** 6.02.2024
**Journalnummer:** 2024/1383

---

**Orienteringssak- Evaluering av ph.d.-emna og ph.d.-programmet ved Det juridiske fakultet**

---

UiB sitt kvalitetssystem for ph.d.-utdanninga vart vedteke av universitetsstyret i 2017 med føremålet å understøtte ein kultur for systematisk utvikling av kvalitet i ph.d.-emne og ph.d.-program. Ei kartlegging gjort av Forskings og innovasjonsavdelinga (FIA) i 2021 synte at fakulteta ved UiB viste stor variasjon i korleis dei evaluerer ph.d.-emne, emneporteføljen, og vurdering av rammene i opplæringsdelen. I samband med dette vart det utarbeidd felles retningslinjer for evaluering som gjeld for alle ph.d.-programma ved UiB (sjå https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/retningslinjer_for_evaluering_av_emner.pdf).

Som programstyre for ph.d.-programmet er det FU som sit på det endelege ansvaret for å evaluere fakultetet sin portefølje av ph.d.-emne, og rammene for opplæringsdelen jf. https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/retningslinjer_for_evaluering_emneportefoljen_og_rammene_i_opplaeringsdelen.pdf.

FU vedtok i møte 1.03.2022 ein plan for gjennomføring av evaluering av ph.d.-emna og ph.d.-programmet ved fakultetet (vedlegg 3). I perioden 2022-2023 har det vore gjennomført evaluering av alle emne på ph.d.-programmet (vedlegg 2). Leiar for ph.d.-programmet, Jørn Jacobsen, har deretter utarbeidd ei overordna evaluering av emneporteføljen og rammene for ph.d.-programmet (vedlegg 1).

Som det går fram av sjølvevalueringane frå dei modulansvarlege i vedlegg 2, og særleg den overordna evalueringa som samanfattar desse, er det potensial for vidare utvikling av programmet. Det er særleg utfordringar knytt til at kandidatane har ulike bakgrunnar og erkjenningsinteresser, variabel røynsle med forsking og ulik språkkompetanse. Det kan og vere vanskeleg å finne ein god balanse mellom dei obligatoriske modulane og kurs til fordjuping som fyller dei frie studiepoenga. Nytt emneinnhald for modul 2, PHDJUR901, (FU-sak 9/24) vil følgje opp evalueringa og tek sikte på å løyse nokre av dei utfordringane som har komme til syne.

I FU-møte 16.01.2024 vart følgjande vedtak fatta: *Forskingsutvalet er nøgd med evalueringsarbeidet og sluttar seg til synspunkta i den overordna evalueringa når det gjeld plan for oppfølging og vidare utvikling av programmet.*

**Merknader frå dekan og fakultetsdirektør**

Dekan og fakultetsdirektør syner til vedtaket i FU og kan også slutte seg til synspunkta i den overordna evalueringa.

Saka blir lagt fram til styrets orientering.

**Forslag til vedtak:**

*Styret tar saka til orientering.*

Vedlegg:

1. Overordna evaluering av ph.d.-programmet
2. Emneevalueringar (sjølvevaluering)
3. Saksnotat FU 01.03.2022 om evalueringssyklus

23.01.2024

KARAKS

# Rapport frå evalueringane av emna på Ph.d.-programmet 2022

## 1. Utgangspunkt

Denne rapporten er utarbeidd av leiaren for Ph.d.-programmet med utgangspunkt i denne sitt overordna ansvar for programmet. Rapporten er den første slike rapporten som er gjort på bakgrunn av det noverande evalueringsregime. Der er såleis ikkje tidlegare rapportar å relatere denne rapporten til.

Ph.d.-programmet er i dag samansett av seks undervisingsmodular (PHDJUR900 – PHDJUR905), i tillegg til ein ytterlegare modul (PHDJUR906) som samlar eit utval av obligatoriske aktivitetar; prosjektpresentasjon for faggruppe, deltaking på Det nasjonale doktorandseminaret (DNDS) og deltaking på to David Doublet-seminar (DD) som er fakultetet sitt eige årlege interne Ph.d.-seminar. Sistnemnte modul evaluerast ikkje her, men det generelle inntrykket er at dei nemnte aktivitetane alle fyller viktige funksjonar i Ph.d.-programmet.

Dei seks undervisingsmodulane er leia av ulike fagpersonar ved fakultetet, som kvar har evaluert sine modular, mellom anna ved bruk av spørjeskjema som kursdeltakarane har fått høve til å svare på i etterkant av gjennomført kurs. Sjølv om det har vore tale om eit relativt lite kull på i utgangspunktet 11 deltakarar, er svarprosenten relativt god og tilbakemeldingane tilstrekkeleg eintydige at dei gjev haldepunkt for denne evalueringa. I tillegg har underteikna gjort sine eigne inntrykk ut frå både uformelle og tilfeldige tilbakemeldingar frå deltakarar og kontakt med dei respektive emneansvarlege. Eg omtalar dette samla sett som «evalueringsmaterialet» i det vidare.

Det generelle inntrykket er at modulane og undervisingsopplegget desse er bygd opp om, fungerer godt. Dei emneansvarlege har gjort eit godt arbeid med å finne undervisingsformer og -innhald som er eigna for den aktuelle tematikken. Dei emneansvarlege får generelt god tilbakemelding både på opplegga dei har laga og måten dei fyller rollene sine. Floraen av forskarar som underviser på modulane gjer òg at dei som gjennomfører programmet får møte ulike forskarar og forskartypar, noko som i seg sjølv er av ei målsetting med opplegget. Kursa er samstundes konsentrerte i tid, noko som gjer at deltakarane mellom dei ulike kursa får høve til å arbeide med sine respektive prosjekt, som undervisinga på dei ulike modulane er lagt opp med utgangspunkt i. Det er få som ikkje har gjennomført modulane.

Når det kjem til innhaldet i modulane er inntrykket at det i seg sjølv er – overordna sett – velgrunna og langt på veg adekvat for å nå læringsmåla for kursa. Undervisingsopplegget samla sett legg seg nært opp til forskingsfronten og utviklinga av rettsvitskapen som fagdisiplin. Arbeidsmengda som opplegget inneber er samla sett i alle fall ikkje for omfattande ut frå studiepoenga (sjå samstundes under om litteratur). Det er såleis ikkje grunn til å vurdere

større omleggingar eller endringar av undervisingsopplegget. Samstundes er det noverande undervisingsopplegget relativt nytt (innført i 2019) og dermed enno ein prøvings- og utviklingsfasen. I så måte er det nyttig at evalueringsmaterialet peikar ut forbetringspotensial i opplegget. Fleire av desse er konkrete, mest relevante for den einskilde modulen og langt på veg allereie funne løysingar på av dei emneansvarlege. Desse meir spesifikke forbetringspunkta vert difor ikkje omtala nærare her. Det visast berre til evalueringane til dei einskilde emneansvarlege.

I denne rapporten vil det fokuserast på dei følgande punkta som er av meir overgripande eller gjennomgåande karakter: Auka relevans for flest mogleg, norsk versus engelsk undervising og litteraturen som vert brukt i undervisinga. Eg kommenterer på kvar og ein av desse på generelt grunnlag, samstundes som at i kva grad og på kva måte desse slår ut i dei einskilde emna kan variere både mellom emna og frå år til år for det einskilde emnet.

## 2. Nærare om auka relevans av undervisingsopplegget for flest mogleg

Ei gjennomgåande utfordring med undervisinga på Ph.d.-programmet, som òg tidlegare år har synleggjort, er at det er relativt ulike bakgrunnar og erkjenningsinteresser blant dei som skal gjennomføre programmet. Det gjeld til dømes om dei har bakgrunn frå forskarlinja på fakultetet eller ikkje, noko som gjev svært ulike utgangspunkt for deltaking i undervisingsopplegget. Vidare har deltakarane ulike faglege interesser, der nokre har ei meir pragmatisk erkjenningsinteresse og andre meir teoretisk erkjenningsinteresse. Undervising som skal nå og vere relevant for alle som er med på programmet, er slik sett utfordrande, noko som vert særleg tydeleg i så små kull som det er tale om her. Her er det eit pågåande arbeid med å finne inngangspunkt og undervisingsmåtar som får «alle med». Her er det såleis potensial for å vidareutvikle undervisingsopplegget, med tanke på å finne problemstillingar, tema og undervisingsmåtar som i større grad kan skape ei meir felles erkjenningsinteresse blant dei deltakande, som utgangspunkt for undervisinga som skal gjennomførast. Ei særleg rolle og ansvar med tanke på å sjå interesser, behov og potensiale for dei ulike deltakarane på kvart kull bør her ligge på underteikna som overordna ansvarleg for programmet og den som underviser på den innleiande modulen. Erfaringar gjort der bør kommuniserast vidare til dei som skal undervise kullet seinare.

Eit anna tiltak som bør vurderast er om det kan utviklast generelle undervisingsressursar som kan vere tilgjengeleg som «start-pakke» for dei som skal ta ph.d.-programmet, men som ikkje har bakgrunn frå forskarlinja. Det kan til dømes vere videoar som kan gjenbrukast og gjerast tilgjengeleg for dei som ønsker å førebu seg ekstra. Det kan avlaste undervisinga, kanskje særleg på første modul og legge til rette for at undervisingsopplegget vert lagt på eit høgare nivå, og dermed meir av ei forlenging av forskarlinje-undervisinga snarare enn ein stor overlapp med den.

Utfordringa med auka relevans for flest mogleg avspeglar seg elles kanskje mest av alt i modul 2, der tema har vore bruk av rettshistorie, komparativ rett og internasjonal rett i

avhandlingsprosjekta. Denne modulen er særleg sårbar for at nokon av deltakarane kan ha stor interesse og ekspertise på det, til dømes då dei skriv avhandlingar akkurat innanfor desse områda, medan andre gjer studiar av heilt anna karakter, der desse tematikkane ikkje opplevast som relevante. Evalueringa og den emneansvarlege sine refleksjonar stadfestar denne utfordringa, som òg er blitt forsterka av at det er stadig fleire frivillige kurs som ph.d.-kandidatane kan ta i slike emne, dersom dei vil ha særleg fordjuping i dei.

Trass i den emneansvarlege sitt gode arbeid med dette emnet, er det slik sett grunn til å gjere endringar på dette punktet. Her er det allereie no sett i verk arbeid med å omarbeide emnet til å omfatte noko som så langt ikkje har vore i tilstrekkeleg grad dekka inn av ph.d.-programmet, forskingsdesign og problemformulering (og vidareføring av den forskingsetiske bolken på emnet som del av det). Det er tematikk som utan vidare skal opplevast som høgrelevant for ph.d.-kandidatar sjølv med ulike fagprofilar og erkjenningsinteresser, og bør slik sett bidra til å styrke opplevinga av relevans av ph.d.-programmet, noko som igjen vil styrke utbyttet deltakarane har av det.

## 3. Norsk versus engelsk undervising

Ei utfordring som evalueringa på nytt stadfestar er språkforma for undervisinga. Majoriteten av deltakarane er norsktalande og skriv avhandlingane sine på norsk, samstundes som at vi normalt har eit visst innslag av ikkje-norsktalande med òg. Fagområdet er òg i stor grad prega av nasjonalt fagspråk. Dermed kan ein lett hamne i ein situasjon der engelsk undervising vert hemmande for majoriteten av deltakarane. Her har dei kursansvarlege noko ulike strategiar, noko det bør vere rom for ut frå karakteren av undervisingsopplegg og -emne.

Det er i evalueringa spelt inn at eit alternativ er å ha parallell-løp for norske og engelsk-talande deltakarar. Det er likevel ikkje ei ordning å føretrekke: Den er ressursskrevande, og bidrar til å splitte opp allereie små kull, og dermed svekke den inkluderinga og sosialiseringa i kandidatgruppa og fagmiljøet som er ei av målsettingane for ph.d.-programmet. Det skal leggast til at dei engelsktalande deltakarane ofte er viktige bidragsytarar og fornyarar i fakultetet sitt forskingsmiljø, noko som bør vernast om.

Mitt syn her er at vi bør halde fram med å bygge opp undervisingsopplegget på ein fleksibel måte, som gjer at veksling mellom og kombinasjon av undervisingselement på norsk og engelsk kan tilpassast dei aktuelle kulla og dei ulike undervisingsemna. I og med at undervisingsopplegget meir og meir orienterer seg mot meir generelle trekk ved rettsvitskapen og rettsvitskaplege arbeidsmåtar, vert det over tid lettare å gjennomføre undervisinga på engelsk, samanlikna med meir «fagsubstansielle» tema knytt til norsk rett.

## 4. Litteratur som vert brukt i undervisinga

Litteraturen som vert brukt er eit tilbakevendande tema i evalueringar av undervisingsopplegget. For delar av undervisingsopplegget er det utfordrande å finne adekvat litteratur å bruke. Mykje av den aktuelle litteraturen er komplisert og/eller innlegg i pågåande diskusjonar. Begge deler gjer den mindre eigna som innføringslitteratur. I tillegg kjem

utfordringa med språkformene som nemnt i førre punkt. Den einskilde emneansvarlege bør fortløpande vurdere litteraturen som er brukt på emna. Det synes vere ei utvikling, særleg internasjonalt, i retning av å dyrke fram litteratur som fungerer som innføring i fagområde og metodar, som kan gjere litteraturvalet enklare. Det bør òg vurderast, til dømes på første undervisingsemne, om det er nødvendig å ha den litteraturmengda som kurset har i dag, eller om andre arbeidskrav som fungerer betre i samanhengen, kan erstatte delar av denne litteraturen (eller i alle fall kan gjerast frivillig).

## 5. Avsluttande merknad

Påpeikingane som er gjort ovanfor vert teke med i det vidare arbeidet med å utvikle ph.d.-programmet ved Det juridiske fakultetet. Det skjer her eit større og meir omfattande utviklingsarbeid, der til dømes nye frivillige kurs og tilbod kan ha relevans med tanke på dei utfordingane og det utviklingspotensialet som er peika på i denne rapporten.

Bergen, 21. desember 2023

Jørn Jacobsen,

Leiar for ph.d.-programmet ved Det juridiske fakultetet, Universitetet i Bergen

Emneevalueringar

## Self-Evaluation – PHDJUR900 2022

In February 2022 the course PHDJUR900 was carried out for the new group of PhD's at the faculty, with a total of 11 participants. The course was given in English. The course had four meetings, this year concentrated to one week due to the corona-situation as well as some participants not regularly located in Bergen. The meetings were designed as lectures/presentations, which aimed to introduce central topics relating to legal scholarship and the PhD-work. The first meeting gave a general overview of topics relating to science in general and legal scholarship place within it. The second addressed legal doctrinal work – the core of legal scholarship. The third meeting discussed other forms of legal scholarship where it typically utilises other forms of research perspectives, such as historical or sociological perspectives. The fourth and final meeting was more directed towards the experience of writing a thesis. Reading literature ahead of each meeting was mandatory. After the course, all participants submitted a text where they were to reflect on how their project relates to contemporary legal scholarship, from a methodological perspective. All of the papers were approved, and all participants completed the course.

As this is the first evaluation under the new evaluation regulations, there is no prior evaluation report to relate to.

I am the only teacher at the course. On an overall level, the course seeks to provide an introduction to legal science as of today, and seeks thereby to reflect the current state of the art. My general impression from the course was that the lectures worked well and were appreciated by the participants. At several points, discussions were initiated, and the participants were engaged and showed a high level of interest in and reflection on the subjects addressed. Some subjects were more interesting to some than to others, often reflecting their own research interest and projects. The fact that the course was in English did not seem to provide any obstacle to the meetings and the discussions in them. The texts submitted afterwards showed that the participants had gained a good understanding of and engagement with the questions that the course aimed to introduce.

The participants were invited to respond to a survey after the course. 7 responded to the entire survey, and 1 to part of the survey. This means that 64% (entire survey) or 73% (including partial response) of the participants responded to the survey. Questions were asked about their overall assessment of the course, the relevance of the lectures, the usefulness of writing a short text after the meetings were completed, whether it suited them to have all the meetings in one week, and whether they generally had comments to the course. The participants were generally satisfied with the course, and all enjoyed having all meetings within one week. Some suggested that the discussions groups should be mixed from time to time to get to know other participants better, which is a good idea to be followed up on. Also, some felt that the literature was a bit much to digest as well as not always well connected to the discussions. However, the amount of reading and the total amount of work required by the participants is not excessive for gaining 3 credits by the course.

In general, the design of the course in terms of mandatory reading, lectures and a paper to be submitted at the end of the course, works well. The mandatory reading is, however, what I take to be the main challenge for the course. It is difficult to find proper materials that work at this general level, most articles are to specialised or complex to work well as introductions to the issues relating to the course. I am, however, aware of one book project that I think will solve much of this problem for the future, and I think this will allow for better integration of the literature into the course in overall.

Jørn Jacobsen,

Course leader PHDJUR900

## Self-Evaluation – PHDJUR901 2022

In April/May 2022 the course PHDJUR901 was carried out for the new group of PhD's at the faculty, with a total of 11 participants. The course was given in English. The course had three meetings, spilt over two weeks. Some candidates participated digitally for the first session.

Two of the meetings were designed as roundtable discussions, focused on applying international law, legal history and comparative law in the Ph. D-projects of the candidates present. Each of these meetings had assigned reading meant to create a common frame of reference for the candidates and an entry-point for discussion. Between these two meetings, the second meeting focused on ethical challenges in legal research. The first part of the second meeting was designated to explain the particular Norwegian system with national Research Ethics Committees. Also this meeting has assigned reading and focuses on concrete and practical issues  and the second and third part of the meeting arranged for group and plenary discussions of the practical cases in research ethics and the relevance of the cases in each project.

After the course, all participants – bar one – submitted a text where they were asked to reflect on the space and need for alternative approaches, or the application of such, in their own Ph.D. All submitted papers were approved. Two candidates failed to complete the course, one had to discontinue for personal reasons and one candidate as mentioned failed to submit the paper.

As this is the first evaluation under the new evaluation regulations, there is no prior evaluation report to relate to.

The course is taught by myself (the two meetings dealing with different approaches) and Prof. Aarlie (the meeting on ethics). The course attempts to inspire the candidates to consider the impact of other approaches to legal studies than core domestic dogmatic approaches and raise awareness of ethical obligations and considerations.

As such, it is a challenging course to teach. Some candidates are already writing within the areas covered, or one of the many other alternatives to purely dogmatic approaches. Others are writing squarely within domestic law. Already from the outset, this gives a very differentiated group with a highly differentiated interest and understanding of alternative

approaches. The scope of the course limits the possibility for in-depth discussions within the different topics addressed.

The result is a discussion which seemingly engages some candidates significantly more than others, while all candidates during the debate appear to have either planned on using, are using, or would need to consider the use of one or more alternative approaches to purely dogmatic studies of domestic law.[1]

Also the ethics section will tend to be coloured by the specific subjects of the candidates. Ethical considerations based on guidelines for the research community (plagiarism, supervisory relationship etc) were justly recognized as relevant to all projects and easily engaged the group for discussions. The relevance of ethical concerns for the research object varied on the other hand widely and the involvement in discussions accordingly,

Holding the course in English also proved to entail some barriers. As much of the terminology is new to many of the candidates, its translation provides an added barrier for discussion and requires the use of some time to gain a common understanding of the terms employed. That, however, is in itself an important learning outcome for the candidates in regard to future academic discussion across language barriers.

These matters aside, the candidates demonstrated a high level of interest in and reflection on the subjects addressed. The size of the group was ideal to combine discussions in groups with plenary sessions.

The 10 candidates that completed all the meetings were invited to respond to a survey after the course. Six responded to the entire survey. This means that 60% of those invited responded to the survey. Questions were asked about their overall assessment of the course, the relevance of the lectures, the relevance of the examples in the ethics section, the relevance of the two methodological meetings for the candidates' projects and the usefulness of writing the paper after the course. An opening for general comments was also provided.

---

[1] This, of course, is in itself an over-simplification. Also purely dogmatic studies will oft require an at least underhanded use of *i.a.* legal history. Few topics today will also be without at least some impact from international sources.

With a score of 1 – 5, with 5 being the best score, five of the respondents graded the course a 4 or 5. The last participant graded the course a 3. Overall that is a satisfactory outcome. Given the diversity of the topics covered and the different starting points of the candidates, it is difficult to add value to all the projects. This is also demonstrated by the assessment of the usefulness of the final paper, where four candidates gave a grade of either 2 or 3. Again it is to be expected that candidates with already alternative approaches either as their core focus or central to their projects will have been understanding in their overall assessment, but found the usefulness of the paper to be limited. One way to rectify this would be more individual assignments, but these would then not be supported neither by the literature assigned nor by the course discussion to any substantial degree. The ethics section also received a high score, but the candidates desired more focus on practical examples. To comply with the wishes of the candidates, the first "lecture" part of this meeting should rather be carried out with a video that the participants can watch by themselves (i.e. the Covid-solution in 2020-2021)

For the methodological meetings, one candidate found these unhelpful, rating them a 2, whereas the remaining respondents gave a score of 4 or 5. It is unfortunate that one candidate did not find any relevance, but this is probably more indicative of a fault in the course leader identifying relevance than of a lack of significance.

In general, the design of the course in terms of mandatory reading, meetings, and a paper to be submitted at the end of the course, works well. The main challenge of the course remains the width of the topics addressed, as well as approaches that could be covered. How to solve this will require some further pondering.

Knut Einar Skodvin

Course leader PHDJUR901

## Self evaluation PHD course PHDJUR902 Fall 2022

Lecturer: Sanne Taekema

In August 2022, the course PHDJUR 902 Introduction to Legal Theory was held. It was conducted over the course of two weeks, with four sessions, and with one additional (online) comeback meeting in the second week of September. The course group was small (6 participants). The course language was English, and there was just one teacher. The set-up of the course was interactive, which meant concretely that the readings for each session had to be done beforehand and each participant was asked to prepare discussion questions before each session about the readings. The reading was supported by short introductory videos for each session, discussing the theme of the session in relation to the main ideas of the authors of the texts. The participants were asked to provide a short paper at the beginning explaining their research and how they felt legal theory could be linked to it. At the end of the course, an essay was written to reflect on the same question. Those essays were discussed in the last meeting.

This model enabled an interactive seminar structure, where the questions and comments of the participants were leading for the discussion and the explanations and broader views needed were given in response to the issues that the participants identified. There are two main reasons for this way of proceeding: to pitch the interventions of the lecturer at the right level, so that each participant is able to follow what is going on and able to show understanding of the texts, and to bring the theories closer to the concerns of the participants, so that they can regard the theories from the perspective of their own (usually less theoretical) background. It also makes it possible to engage with any insecurities participants may have about their own understanding.

In terms of content, the first two sessions concerned general theories about the concept of law. The first session focused on legal positivism and critical views from a moral perspective; in the second we discussed legal realist and critical legal studies ideas on the concept of law. The third session's topic was the authority of law and problematizing this in the global legal context. The fourth session discussed different views of legal reasoning, particularly judicial reasoning. The final session was devoted completely to discussing the essays, based on peer review by another participant, and more generally discussing the relevance of legal theory for legal doctrinal projects.

The student evaluation was filled out by 5 out of the 6 participants. The questions concerned the relevance of the course, the format of the course, the scheduling, the assignments and the readings. The response was positive and the points that raised critical remarks will be taken up in the changes for next year.

Looking back on how the course went, including the views of participants expressed in the student evaluation, the format of the course seems to fit its purpose very well. Participants are very engaged, feel safe to express their thoughts and doubts, and really take the idea of thinking about possible links to their own work to heart. Due to a big legal conference elsewhere during the first week of the course, the scheduling was not optimal. Unfortunately, even though we tried to accommodate PhDs going to that conference, many ended up not participating (and will be added to the coming year's group). This made the group rather small, which was not a problem, but also left us with three seminars very close together in the second week, which did not work well (also something remarked upon in the student evaluation). So the planning for this year will be a bit stricter (two seminars per week, with at least a day in between), to make sure there is enough time between seminars to read and reflect.

Concerning the readings for the course, I concur with some of the participants that there are one or two texts that are less than ideal. For those, replacements will be sought. With regard to the assignments, I will also propose a small change, so that the first short assignment is just a brief summary of the research project, rather than already asking them to link it to a theoretical perspective. The other assignment worked well, so that can remain unchanged.

Sanne Taekema

Course leader (and sole lecturer) of PHDJUR 902

**Evaluering av kurs "Empirical perspectives in legal science" 2022**

Kurset fant sted 28. november – 8. desember 2022 og omfattet fire møter. Se kursbeskrivelse vedlagt. Det var 9 deltakere på kurset.

Evaluering ble gjennomført i form av et digitalt møte i etterkant av kurset (dette etter dialog med deltakerne). Kurset ble gjennomført som planlagt og deltakerne opplevde den generelt som meningsfull. Den fungerte imidlertid ikke helt optimalt på noen punkt. Dette gjaldt særlig at særlig møte tre og fire hadde stort fokus på kvantitativ forskning og disse møtene opplevdes ikke som tilstrekkelig forankret i stipendiatenes arbeid og behov. De fleste som deltok skrev avhandlinger med «tradisjonelt» rettsdogmatisk fokus, og hadde liten eller ingen erfaring av empirisk metode. Særlig kursets møte 3 og 4 treffet her ikke helt fordi stipendiatene ikke arbeidet med de perspektiver som ble diskutert. Det var her også en viss avstand mellom de utenlandske gjesteforelesernes forventinger og utgangspunkt og stipendiatenes perspektiv.

Det ble særlig etterlyst i evalueringen at ha mer fokus på empirisk tekstanalyse, og særlig kvalitative metoder som ligger nært de analyser av rettspraksis og forarbeider som flere av stipendiatenes avhandlinger omfatter. Det ble også uttrykket ønsker om å ha enda mer diskusjon omkring konkrete metodiske utfordringer som de har i sine avhandlinger.

I lys av evalueringen bestemte jeg meg for at endre kurset for å forbedre den på disse punkt. Konkret bestemte jeg meg for at:

- Kun å ha interne forelesere. Her tok jeg inn Ida Benedicte Juhasz og Daniil Butenko som begge har stor kunnskap og erfaring av empirisk metode.
- Styrke fokus på kvalitativ tekstanalyse, og koble denne delen tettere mot mulige analyser av rettskilder.
- Generelt å forankre kurset mer i stipendiatenes arbeid.
- Justering av litteraturen noe for å omfatte metodiske perspektiver av stor relevans for tekstanalyse.

Linda Gröning

## PHDJUR904 Tekstkvalitet. Emneevaluering 2023

Dette er den første emneevalueringen for PHDJUR904.

PHDJUR904 ble gjennomført i januar-februar med (fysisk) forelesning 2. februar og tekstkommenteringssamlinger (én pr. gruppe) 15. februar, 27. februar og 3. mars. Det var ni deltakere som ble delt inn i tre grupper med tre deltakere i hver, men en av deltakerne i den første gruppen måtte bytte til den siste gruppen slik at antallet i gruppene varierte fra to til fire.

Alle gjennomførte (besto) emnet.

Jeg hadde all undervisning på emnet (forelesning og seminarledelse).

For den enkelte deltaker består opplegget av følgende elementer i kronologisk rekkefølge:

- Forelesning (2 timer)
- Klargjøring og innsending av egen tekst
- Lesing av de øvrige tekstene i gruppen og utarbeidelse av sammenfattende punktliste og av løpende kommentarer til den teksten man er utpekt som hovedkommentator for
- Gruppesamling (like mange timer som det er deltakere i gruppen, i år 2–4 timer)
- Mindre etterarbeid i form av ferdigstilling og innsending av løpende kommentarer til teksten man er hovedkommentator for

Alle elementene beskrevet ovenfor er obligatoriske for deltakerne.

Den sammenfattende punktlisten danner utgangspunktet for en samtale mellom forfatter og hovedkommentator. Det er forutsatt at alle deltakerne har lest alle tekstene og i likhet med seminarleder dermed kan bidra med kommentarer.

Vedlagt følger den skriftlige informasjonen til deltakerne om årets opplegg.

Forelesningen gis på norsk. Dette skyldes blant annet at tekstkvalitet dreier seg mye om den språklige dimensjonen, og at jeg ikke har den samme sensitiviteten for nyanser i engelsk som i norsk. Det skyldes også at teksteksemplene er på norsk og at det vil være krevende å finne tilsvarende teksteksempler på engelsk som vil illustrere på en like slående måte for deltakerne de generelle aspektene ved tekstkvalitet som trekkes frem i forelesningen. Men ettersom ikke alle deltakerne er norsktalende, hadde jeg et separat, to timer langt møte med de to ikke-norsktalende deltakere 13. februar hvor hovedpunktene i forelesningen ble gjennomgått på engelsk. Disse deltakerne ble fritatt

for å være til stede på selve forelesningen. Gruppesamlingen (tekstkommenteringen) med disse deltakerne foregikk på engelsk.

Uavhengig av forelesningsspråket er opplegget sårbart med tanke på det mulige scenarioet at det bare er én ikke-norsktalende deltaker, kombinert med at ingen andre skriver på avhandling på engelsk. I dette scenarioet vil den ikke-norsktalende ikke kunne kommentere andres tekster. Så langt har vi unngått dette, men enkelte år har det vært nær ved at dette scenarioet ble en realitet. I år ble vi reddet av den tilfeldigheten at det var en engelskskrivende person fra forrige kull som deltok på årets gjennomføring av emnet i stedet.

Min vurdering er at gruppesamlingene forløp uten problemer og bidro til at læringsutbyttet ble oppfylt. Deltakerne virket godt forberedt på tekstene som skulle kommenteres. Dette gjaldt ikke bare teksten man skulle være hovedkommentator for, men også den andre av de to tekstene deltakeren ikke hadde skrevet selv. Innspillene fra deltakerne var konstruktive, og tonen på samlingene opplevde jeg som god.

Som ledd i emneevalueringen er det gjennomført en spørreundersøkelse blant deltakerne. Åtte av de ni deltakerne har svart. Undersøkelsen er gjennomført av den administrativt ansvarlige for forskerutdanningen. Rapporten følger vedlagt.

> Svarene tyder ikke på at det er behov for omfattende endringer, men svarene illustrerer at det er noen utfordringer knyttet til at ikke deltakerne er norsktalende. Dette dreier seg vanligvis om én til to deltakere hvert år. Mitt klare inntrykk er likevel at tekstkommenteringssamlingen med de to ikke-norsktalende ble gjennomført på likt høyt nivå og med like stort utbytte som de to andre samlingene, jf. de to kommentarene på engelsk under det første spørsmålet i rapporten.
>
> To deltakere mener at emnet er i overkant arbeidskrevende. Gitt at emnet gir 3 studiepoeng, som tilsvarer to arbeidsuker (75 timer), har jeg vanskelig for å se at arbeidsoppgavene (jf. kulepunktene ovenfor) overskrider denne rammen. Her må det tas med i vurderingen at det ikke er pensumlitteratur på emnet. Det som skal leses, er bare tekstene fra de andre deltakerne på samme gruppe, maksimalt 3 x ca. 15 sider.
>
> To deltakere mener at tiden som brukes på hver tekst på gruppesamlingen, er i knappeste laget. Min erfaring er at det som oftest ikke er tid til å kommentere alt som kan kommenteres, men etter min oppfatning er dette heller ikke et mål. Å utvide tiden fra dagens 45 minutter (i praksis 50–55 minutter) vil innebære mer ressursbruk (= flere timer i undervisningsregnskapet) og dessuten ulik tidsbruk på de ulike tekstene.

Mitt inntrykk er at det hvert år er deltakere som ikke er kommet lenger i skriveprosessen enn at de må skrive tekst spesielt for dette emnet, for å oppfylle kravet om ca. 15 sider. Enkelte deltakere har vært helt åpne om dette. I lys av dette bør det etter min mening ikke stilles ytterligere krav til teksten som leveres inn, jf. kommentaren i andre kulepunkt i det andre spørsmålet. Det kan imidlertid vurderes om PHDJUR904 bør bytte plass med PHDJUR905 eller PHDJUR906 i forskerutdanningsløpet, slik at deltakerne har kommet lenger i skriveprosessen når de tar PHDJUR904.

I emnebeskrivelsen er læringsutbyttebeskrivelsen som følger:

Kunnskap

Kandidaten skal ha

• kunnskap om hva et begrep om tekstkvalitet i akademiske tekster kan omfatte

• kunnskap om trekk ved akadmiske tekster som fremmer gjennomsiktighet i fremstillingen

• kunnskap om språklige virkemidler som fremmer presisjon og sammenheng i teksten

Ferdigheter

Kandidaten skal

• kunne skrive egne akademiske tekster med tilstrekkelig presisjon, stringens og sammenheng

• bruke språklige virkemidler med skjønnsomhet

• identifisere tekstkvalitetsproblemer i egne og andres tekster

• kunne kommentere tekstkvalitetsdimensjonen ved andres tekster i samtale med forfatteren

• kunne sitere og henvise på måter som oppfyller krav om redelighet i forskning

Generell kompetanse

Kandidaten kan

• skrive tekster i et klart språk, tilpasset leseren

• kommentere fremstillingsmessige aspekter ved andres tekster

Noen av disse punktene gjelder egen tekst, mens andre gjelder kommenteringen av andres tekst. Det er min vurdering at undervisningsopplegget med en kombinasjon av forelesning som fremhever sentrale aspekter ved tekstkvalitetsdimensjonen, og en tekstkommenteringssamling hvor deltakerne kommenterer hverandres tekster med hensyn til denne dimensjonen, samsvarer godt med denne læringsutbyttebeskrivelsen.

I læringsutbyttebeskrivelsen på programnivå er det først og fremst punktet (under «Ferdigheter») at «[k]andidaten skal ha erfaring med og kompetanse til å gi konstruktiv og kritisk tilbakemelding på

andres faglige arbeid, både skriftlig og muntlig», som er relevant. Opplegget med tekstkommenteringssamling og en utpekt hovedkommentator for hver tekst samsvarer godt med dette punktet.

Ettersom emnet har en praktisk innretning, oppleves det mindre relevant å vurdere om det faglige innholdet er i tråd med forskning på feltet.

Avslutningsvis nevnes at samarbeidet med de nærmeste ansvarlige for det faglige og det administrative ved fakultetets forskerutdanning, henholdsvis Jørn Jacobsen og Karoline Aksnes, oppleves som utmerket også denne gangen.

Bergen, 23. mars 2023

Eivind Kolflaath
(emneansvarlig for PHDJUR904)

Årleg egenvurdering av kurset **PHDJUR905 Formidling av rettsvitskapleg forsking**

Kurset vert halde for PhD-kandidatane om lag ein gong kvart år.

Sigrid Eskeland Schütz er emneansvarleg, og kurset har som mål å bidra til å gje stipendiatane innsikt i føremål bak, og metodar for, å formidle rettsvitskap gjennom erfaring med formidlingsarbeid og refleksjon rundt rolla som rettsvitskapsmann/kvinne i ulike medium.

Emnet gjev ei grunnleggande innføring i formidling av rettsvitskapleg forsking, etikk knytt til forskingsformidling, handtering av media og forskaren si rolle i media. I kurset får kandiatane trening i formidling, som å skrive kronikk i avis eller formidle på andre arenaer som forskarprofilnettsider, pod-kast, delta i juridiske debattar eller på annan måte formidle rettsvitskapleg forsking.

Det er eit krav at kandidatane deltek på alle samlingar, noko kullet gjorde.

Samlingane våren 2022 starta 15. mars kl. 10.15-12.00, med førelesingar og diskusjon. Terje Einarsen føreleste om "Formidling - med vekt på den tradisjonelle kronikken", og rådgjevar på kommunikasjon, Kim Einar Andreassen om "Tenk som en journalist." Vi legg vekt på dialog og refleksjon med studentane under føredraga, og emnet skapte her engasjemnet og gode diskusjonar. Det er knapt med tid, men truleg nok til å gje kandidatane grunnlag for sjølvstudium.

Etter samlinga 15. mars arbeidde den enkelte, med frist 21. mars, med utkast til eit mediebidrag etter eige val, som vart sendt emneansvarleg, vurdert til bestått, og så sendt ut til alle deltakarar. Nettsidene gjev god informasjon om kva mediebidrag studentane kan utforme i kurset, og mange døme på slike. Det vert gjeve informasjon om at bidraga kan vere førsteutkast, og ikkje treng gjennomarbeidast ferdig. Mitt inntrykk er at arbeidsbyrda på kurset er høveleg, og at det er rom for å legge mykje i kurset for dei som ynskjer det. Nokre publiserer etter kursslutt det ein har arbeidd med.

Deltakarane treftest i grupper (ei norsk og ei engelsk) høvesvis 28. / 29. mars kl. 10.15-12.00 for å kommentere og diskutere kvarandre sine bidrag under leiing av emneansvarleg. Kvaliteten på bidraga vart analysert med omsyn til innretning, formidlings-kvalitet, faginnhald og målgruppe, og bidraga vart diskutert i lys av forskaren sitt val av strategi, medium og moglege utfordringar ved faktisk publisering eller formidling. Eg prøver å overlate til ulike studentar å starte kommenteringa av med-studentar sine bidrag for å skape eigarskap og engasjement, og ikkje leggje for mange av mine føringar på vurderinga. Studentane har gjennomgåande lese bidraga kritisk og engasjerer seg i diskusjonane. Eg prøver å halde tråden på at vi samla er innom ei rad ulike sider ved det å formidle, frå språk, teknikk til etikk m.v. Det er ikkje problem å fylle to timar når ein skal gjennom tre til fem bidrag, og det er god temperatur og stemning i rommet.

Kursopplegget er utforma på norks. Ettersom det var to engelspråklege kandidatar, heldt eg parallelt opplegg for desse, sett bort frå gruppediskusjonen, der dei deltok på gruppe med andre med engelske bidrag. Samlinga med førelsingar på engelsk for dei to engelskspråklege kandidatane gjekk greitt, men ideelt bør gruppa her vere større, gjerne tre til fire som minimum, for å få opp gode diskusjonar.

Bergen 29.05.2022

Mvh Sigrid Eskeland Schütz

UNIVERSITETET I BERGEN

DET JURIDISKE FAKULTET

Notat til FU

Arkiv saksnr.

FU-sak 14/22

**Evaluering av emner, emneportefølje og rammer for ph.d.-programmet**

UiBs kvalitetssystem for ph.d.-utdanningen ble vedtatt av universitetsstyret i 2017 og følger de samme overordnede prinsippene for evaluering og rapportering som kvalitetssystemet for utdanningen. Systemet skal understøtte en kultur for systematisk utvikling av kvalitet i emner og studieprogram.

En undersøkelse av praksis våren 2021viste at det er stor variasjon i hvordan fakultetene gjennomfører emneevalueringer, evaluering av emneporteføljen og vurdering av rammene i opplæringsdelen for ph.d.-programmet. Den overordnede programbeskrivelsen for ph.d-programmet ved vårt fakultet ble sist revidert 24. oktober 2019 og det er ikke etablert faste rutiner for emneevaluering. Dette notatet skisserer hvordan evalueringsmodellen i UiBs kvalitetssystem kan implementeres for opplæringsdelen i ph.d.-programmet.

**Retningslinjer for evalueringen**

Forsknings- og innovasjonsavdelingen (FIA) har utarbeidet retningslinjer for emneevaluering, evaluering av emneporteføljen og vurdering av rammene i opplæringsdelen. Disse retningslinjene er vedlagt dette saksnotatet. Retningslinjene skal bidra til ens praksis fakultetene imellom. I tråd med systemet for emneevaluering på masterstudiet legger retningslinjene opp til en systematisk veksling mellom enkle og mer omfattende evalueringsrutiner:

- En enkel årlig egenevaluering av emner av den emneansvarlige
- En større emneevaluering av den emneansvarlige som inkluderer kandidatevaluering hvert tredje år
- Evaluering av emneporteføljen og rammene for opplæringsprogrammet hvert tredje år av programstyret for ph.d.-programmet.

Forskningsutvalget er «programstyre» for ph.d.-programmet ved vårt fakultet. Forskningsutvalget er dermed både ansvarlig for at evaluering finner sted og rapporteringsinstans for enkle og større emneevalueringer fra den emneansvarlige.

**Evalueringsverktøy og emner som skal evalueres**

Studieadministrasjonen har utviklet standardiserte digitale evalueringsskjema for liten og stor emneevaluering på masterstudiet. Ph.d-sekretariatet bes om å ta initiativ til å få etablert tilsvarende digitale evalueringsskjema for enkel egenevaluering og større emneevalueringer (inkludert kandidatevaluering) av de obligatoriske emnene i opplæringsdelen på ph.d.-programmet.

Følgende seks obligatoriske emner er gjenstand for evaluering:

PHDJUR900 Introduksjon til rettsvitenskapen og avhandlingsskriving

PHDJUR901 Rettslige kilder og rettsvitenskapens metodemangfold

PHDJUR902 Rettsteoretiske perspektiv i rettsvitenskapen

PHDJUR903 Rettsvitenskap og empiri

PHDJUR904 Tekstkvalitet

PHDJUR905 Formidling av rettsvitenskaplig forskning

**Etablering av evalueringssyklus**

Siden det ikke har vært gjennomført noen evaluering etter revisjonen av opplæringsdelen for ph.d-programmet i 2019, tas det sikte på å gjennomføre en *større* evaluering fra den emneansvarlige som inkluderer kandidatevaluering av samtlige emner med utgangspunkt i kandidatkullet som startet på opplæringsprogrammet i februar 2022 (kull 2022). Disse kandidatene tar de fire første modulene i opplæringsdelen (900-903) i løpet av 2022 og de to siste modulene (904-905) våren 2023.

For emnene PHDJUR900, 901, 902 og 903 vil det da bli gjennomført stor emneevaluering i 2022 med kandidatevaluering fra kull 2022. Emnene PHDJUR904 og 905 gjøres til gjenstand for enkel emneevalering (egenevaluering) i 2022 når kull 2021 tar disse modulene og stor emneevaluering med kandidatevaluering fra kull 2022 i 2023.

På bakgrunn av evalueringene fra de emneansvarlige og kandidatevalueringene vil forskningsutvalget kunne foreta en evaluering av emneportefølje og programevaluering av opplæringsprogrammet i andre halvdel av 2023 etter at kull 2022 har evaluert alle modulene.

Ved ny oppstart av opplæringsdelen av ph.d-programmet våren 2023 og våren 2024 legges det opp til enkel emneevaluering (egenevaluering) uten kandidatevaluering. Neste større emneevaluering med kandidatevaluering vil følge kullet som starter våren 2025 og avsluttes våren 2026. Forskningsutvalget vil da kunne gjennomføre evaluering av emneportefølje og programevaluering i

andre halvdel av 2026 og slik ha innarbeidet den 3-årssyklusen for kvalitetssikring som er forutsatt i UiBs kvalitetssystem.

**Forslag til vedtak:**

«*Forskningsutvalget slutter seg til planen for etablering av evalueringssyklus og tar sikte på evaluering av emneporteføljen samt programevaluering i siste halvdel av 2023 etter at alle emnene har vært gjenstand for stor evaluering med kandidatevaluering*»

Ragna Aarli

leder FU

Karoline Aksnes

Phd-koordinator

Vedlegg:

UiBs retningslinjer for emneevaluering, evaluering av emneporteføljen og vurdering av rammene i opplæringsdelen